



Stafettstarten går sist helg. Neste helg er det skiskule i Fjellhaugen

Det nærmar seg slutten på skisesongen, men den største karamellen står att.

Det konstaterar leiar av gruppa Ole Vidar Monsen i nettavisa til idrettslaget og siktar til Team Norgeshus Skiskule som skal avviklast i palmehelga med start neste fredag. Arrangementet er forlengst fullteikna og det er oppretta venteliste. Difor er det svært viktig at dei som ikkje vil nytta plassane sine melder frå snarast til 95 77 35 34



Også alle foreldre er hjarteleg velkomne til å vera med på opplegget alle dagar og eventuelt gje ei hjelpande hand i løyper, bakkar og matgrilling.

Det heile startar med sosialt samvær i Aktivitetshuset fredag kveld og frammøtet i Fjellhaugen skjer laurdag føremiddag.

Denne dagen er det to treningsøker og enkelt smørjekurs. Om kvelden står foredrag i Aktivitetshuset på programmet. Det heiter GLAD KROPP og blir halde av representanter frå Team Norgeshus.

Sundag føremiddag er deltakarane i Fjellhaugen att til ny treningsøkt og det heile vert avslutta med felles lunsj der oppe.

Deltakarane må sjølv syta for transport til og frå Fjellhaugen. Det vert opplyst at ein kan bruke same par ski til skøyting og klassisk, berre ein reingjer skia mellom dagane. Det endelege programmet får du opp ved å trykka på linken under.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

<http://www.uskedalil.no/upload/files/velkommentilnorgeshusskiskule.docx>